



# Valprogram for Raudt Kvam

**2023-2027**



# INNHALD

<b>1. VÅRE KANDIDATAR</b>	<b>S.3</b>
<b>2. KAMPEN MOT FORSKJELLS-NOREG</b>	<b>S.4</b>
<b>3. ØKONOMISK ULIKSKAP</b>	<b>S.5</b>
<b>4. OPPVEKST</b>	<b>S.6</b>
<b>5. FOLKEHELSE</b>	<b>S.7</b>
<b>6. ARBEIDSLIV</b>	<b>S.8</b>
<b>7. NATUR OG MILJØ</b>	<b>S.9</b>
<b>8. LIV I BYGDENE OG TRYGGE VEGAR</b>	<b>S.10</b>
<b>9. NÆRINGSPOLITIKK OG LANDBRUK</b>	<b>S.11</b>
<b>10. MANGFALD OG INNANFORSKAP</b>	<b>S.12</b>
<b>11. KULTUR OG FRITID</b>	<b>S.13</b>
<b>12. VALLISTE RAUDT KVAM</b>	<b>S.14</b>
<b>13. RAUDT PÅ FYLKET</b>	<b>S.15</b>

# 1. VÅRE KANDIDATAR



**Håvard Gjerde** er 1. kandidat. Han arbeider som fartøyvernkonsulent, har lang erfaring i fagrørslar og er leiar i LO i Kvam. Håvard er spesielt oppteken av arbeidslivsrettar.



**Laila Sagstad Fosso** 2. kandidat. Laila er spesialpedagog, kulturskulelærer og småbrukar. Laila er oppteken av å skape eit godt støttesystem rundt kvemmingane i alle livsfasar frå livets start til slutt.



**Olgar Neteland** 3. kandidat. Olgar arbeider som miljøterapeut. Den viktigaste enkeltsaka for Olgar er vern av urørd natur.




**Lena Osmo** 4. kandidat. Lena er helsefagarbeidar og er spesielt oppteken av inkluderingsarbeid og at vegane skal vere trygge.



**Veronica Liavåg** 5. kandidat. Veronica er sjukepleiar. Ho er særskilt oppteken av å løfta tilbodet knytt til rus og psykisk helse.

## 2. KAMPEN MOT FORSKJELLS-NOREG



Kring 560 000 nordmenn lev under fattigdomsgrensa (2021). Det er 100 000 fleire enn for 10 år sidan og utgjer 10% av befolkninga. Av desse er 115 000 barn (11,3% av barn i Noreg). Kjelde SSB.

Dette er hovudsaka for Raudt ved årets val. I Noreg aukar talet på barn som veks opp i fattige familiar, og det same gjer talet på rikingar. Prisvekst og straumprisar ute av kontroll bidreg til at fleire opplev utryggheit samanlikna med tidligare periodar.

Kapitalismen sitt krav om konstant vekst skapar eit stadig meir utrygt og urettvist samfunn. Samtidig vert tolegrensene i naturen sprengde. Raudt vil arbeide for at Kvam skal vere ein god stad å bu for alle, samstundes som me tek vårt ansvar for å bremsa global oppvarming og redusere tapet av naturmangfald.

### 3. ØKONOMISK ULIKSKAP

Nasjonalt går Raudt inn for eit radikalt omfordelende skattesystem. Me vil ha mindre skatt for dei som tener minst og meir for dei som tener mest. I tillegg arbeider me for auka skattelegging av formue, aksjeutbytte, overskot, finanstransaksjonar og arv av store formuar.

Nasjonalt arbeider Raudt for at kommunane skal råde over ein større del av skatteinntektene. Naudsynte vegutbetringar skal vere finansierte av staten. I Kvam vil Raudt arbeide for:










- ✦ Å auka sosialhjelpssatsane.
- ✦ Bruke kraftoverskotet til å senke avgiftene på vatn og avløp og andre sjølvkosttenester.
- ✦ Auka botnfrådrag på eigedomsskatten som betyr at rimelege bustader får lågare eller ingen eigendomsskatt.
- ✦ Innføring av ikkje-personleg buplikt på bustadhus.
- ✦ Gratis SFO og redusert foreldrebetaling for barnehage.
- ✦ Auke talet på utleigebustader i kommunal eige med låge prisar.



## 4. OPPVEKST

Raudt meiner at det offentlege har eit stort ansvar for å skapa trygge og gode oppvekstvilkår som skal gi alle like mogelegheiter. Skulekvardagen er meir krevjande, og målstyring har gjort at mykje av leiken er borte. Dei tilsette i skulen opplev i større grad at krav om kartlegging og rapportering tek for mykje merksemd som skulle vore nytta på elevane. Ein leksefri skule vil vera eit utjamnande tiltak som sikrar elevane fritid og likare føresetnader.

I Kvam vil Raudt arbeide for:

-  Kommunalt eigde barnehagar med god vaksentettleik og små barnegrupper.
-  Sommaropen barnehage.
-  Legge betre tilrette for at tilsette i barnehagane kan ta vidareutdanning til fagarbeidar eller barnehagelærar.
-  Maks 20 elevar per klasse.
-  Starte prøveprosjekt med leksefri fritid.
-  Fleire symjetimar i barneskulen.
-  Utvikling og utviding av skulebiblioteka med fleire og øyremerka midlar.
-  Styrke spesialpedagogisk og kunstfagleg kompetanse i barnehage og skule.
-  Ein livssynsnøytral skule og barnehage.

## 5. FOLKEHELSE

Folkehelseinstituttet har vist at det er store variasjoner i folk si helse og levealder, og at ulikskapen i helse er ei fylgje av ulikskap i økonomisk status. Ulikskap i helse går i arv. Det viktigaste kommunene kan gjere for folkehelsa er å syte for sosial utjamning gjennom å sikra born og ungdom like moglegheiter. I tillegg lyt kommunene satse på tidleg forebygging av psykisk uhelse og rus. Nasjonalt vil Raudt arbeide for avskaffing av føretaksmodellen og innføre ei heilheitleg offentleg helseteneste, inkludert tannhelse. I Kvam vil Raudt arbeide for:

- ★ Auka helse- og sosialfagleg ressurs i skulen frå mellomtrinnet til vidaregåande skule.
- ★ Styrka det rusforebyggjande arbeidet i skulen i samarbeid med foreldra.
- ★ Etablere lågterskeltilbod innan psykisk helse og rus og bemanning av ROP (Rus og psykiatri) på kveld og helg.
- ★ Sikre at aktuelle tenester skal rekruttere og tilsette fritids- og støttekontaktar.
- ★ Etablere ein folkehelsestasjon for alle aldrar som skal vere eit lågterskeltilbod.
- ★ Hardangerbadet som folkebad med lågare prisar og aksept for leisagarbevis.





## 6. ARBEIDSLIV

Raudt vil arbeide for gode offentleg arbeidsforhald og tilsetnader. Brannfolk sløkkjer ikkje betre om ein tek ut profitt av arbeidet deira. Tvert om ser me føreseielege pensjons- og trygdeordningar, regulerte arbeidstilhøve og direkte demokratisk påverknad som ein føresetnad for gode velferdstenester. Derfor er Raudt mot all privatisering av offentlege tenester. Raudt vil arbeide i og utanfor heradstyret for:


- ★ Heile og faste stillingar og føreseielege turnusar.
- ★ At heradet ikkje skal nytte bemanningsbyrå.
- ★ Leverandørar skal følgja minstevilkåra i tariffavtalane og dokumentera dette ved alle kommunale oppdrag.
- ★ Krav om læreplassar i heradet og hjå leverandørar.
- ★ Myndiggjere tenesteleiarar (i tilsettingsprosessar).
- ★ Bruke tilsettingar i staden for oppdragskontrakter for å rekruttere og behalde folk i viktig omsorgarbeid og naudsynte hjelpetenester.



## 7. NATUR OG MILJØ

Den viktigaste politiske einiskildsaka på planeten vår er kampen mot global oppvarming. Dette er ei utfordring som kapitalismen ikkje klarar å løyse, tvert imot er kapitalismen sitt innebygde krav om konstant vekst hovudårsaka til problemet. Raudt meiner nasjonal kontroll over krafta er avgjerande for at ho vert brukt til miljøet sitt beste. Kortreist kraftforedlende industri, slik me har det i Ålvik, er eit døme på korleis Noreg skal komme seg ut av oljealderen. I Kvam vil Raudt arbeide for:


- ★ Vern av urørt natur og absolutt strandsonevern.
- ★ Ei oppdrettsnæring i lukka anlegg, halvering av biomassen i merdane og kraftig bøtelegging ved rømming.
- ★ Kjeldesortering i offentlege bygg.
- ★ Auka potten til stønad til ENØK-tiltak.
- ★ Hindre utbygging av vassdrag.




## 8. LIV I BYGDENE OG TRYGGE VEGAR

Sentraliseringsspøkelset heimesøker landet vårt, derfor må Kvam må stå saman med dei andre vestlandskommunane om å halde på velferdstilbod i distrikta. Men ein må motverke sentraliseringa også innan heradet. Kvam er meir enn Norheimsund og Øystese: Raudt vil ha trygge vegar og mest mogleg og best mogleg tenester der folk bur. I Kvam vil Raudt arbeide for:

- ✦ Gang- og sykkelsti langs alle farlege vegstrekker i Kvam.
- ✦ Å bevare skule- og velferdstilboda i grendene.
- ✦ Busette innvandrarak i heile kommunen, ikkje berre i Norheimsund og Øystese.
- ✦ Kommunal drift av bassenget i Ålvik og etablera kommunale badstover i grendene.



## 9. NÆRINGSPOLITIKK OG LANDBRUK




Det viktigaste me kan gjere for det norske næringslivet er politisk styrte straumprisar. Den viktigaste næringa er og blir maten. Raudt vil auke graden av sjølvforsyning og minke den unødvendige og forureinande frakta av matvarer mellom kontinenta. Norske bønder og småbrukarar må difor få betre betalt og norsk matproduksjon må beskyttast gjennom jordvern og importvern. Jorda skal brukast til matproduksjon, ikkje til eigedomsspekulasjon. I Kvam vil Raudt arbeide for:

- ✦ Auka arealet med dyrka jord i Kvam.
- ✦ Strengare praktisering av driveplikt.
- ✦ Støtta opp om produksjon, vidareforedling, distribusjon og sal av lokalproduserte produkt.
- ✦ Meir bruk av naturbeite.
- ✦ Stønadsordningar for verksemder som driv brukthandel og reparasjoner.
- ✦ Kommunen etablerar kontor til utleige for pendlarar.


## 10. MANGFALD OG INNANFORSKAP

Språktrening og arbeid er nøkkelen til inkludering til aktiv deltaking i lokalsamfunnet. I tillegg er tidleg og systematisk oppfølging av flyktningane og andre utsette grupper si fysiske og psykiske helse avgjerande. Raudt er eit tydeleg antirasistisk parti som arbeider for at alle innbyggjarar skal bli møtt med respekt. I Kvam vil Raudt arbeide for:

- ✦ Gi flyktningar meiningsfulle aktivitetar og tilbod uansett alder og tilrettelegge for at dei som er arbeidsføre kan komme seg ut i arbeid med same rettar i arbeidslivet som andre.
- ✦ Auka støtte til Grannehjelpa og kultur- og idrettsorganisasjonar som arbeider med tiltak retta mot inkludering og mangfald.
- ✦ Gratis symjeopplæring for brukargrupper som har behov for det, samt flyktningar i regi av heradet.



# 1 1. KULTUR OG FRITID



Raudt arbeider for eit rikt og mangfaldig kulturliv. Me ynskjer fleire profittfrie møteplassar for alle uavhengig av alder og funksjonsnivå. Det er viktig at heradet spelar på lag med og styrker kulturinstitusjonar, frivillige lag og organisasjonar. Det vert lagt ned eit viktig frivillig arbeid i alle grender og bygder som må verdsetjast. Samstundes treng det etablerte kulturlivet langsiktig støtte. Raudt i Kvam vil arbeide for:

- ✦ Styrke biblioteka med lengre opningstider og sjølvbetente filialar i grendene.
- ✦ Oppretta utstyrssentral for sport- og friluftsutstyr i BUA-nettverket eller som ei utviding av biblioteket sitt tilbod.
- ✦ Styrka tilbodet Ungdomsbasen økonomisk og utvikla det i samråd med ungdommane.
- ✦ Gjere dei etablerte kulturtilboda meir tilgjengeleg for alle ved å gi rabatt- og klyppekortordningar finansiert av heradet.
- ✦ Gi auka midlar til å utvikla kulturskulen sine tilbod som ressursenter ut mot dei ulike tenestene i kommunen.
- ✦ Gratis wifi på offentlege møtestader i bygdene.

## 12. VALLISTE RAUDT KVAM

Nr.	Namn	Fødselsår	Grend	Yrke
1.	<b>Håvard Gjerde</b>	<b>1975</b>	<b>Aksnes</b>	<b>Fartøyvernar</b>
2.	<b>Laila Sagstad Fosso</b>	<b>1975</b>	<b>Vikøy</b>	<b>Spesialpedagog</b>
3.	Olgar Neteland	1964	Norheimsund	Miljøterapeut
4.	Lena Lofthus Osmo	1985	Ålvik	Helsefagarbeidar
5.	Veronica Jonassen Liavåg	1988	Strandebarm	Sjukepleiar
6.	Silje Kvitastein Stanaway	1980	Øystese	Helsefagarbeidar
7.	Emilie Hansen Weydahl	1994	Norheimsund	Handverkar
8.	Lars Brandstveit Ystanes	2000	Norheimsund	Handverkar
9.	Georg Bodin Nilsen	1995	Vikøy	Handverkar
10.	Kari Ekaas	1951	Øystese	Kunstnar
11.	Alexander Günther	1976	Ytre Ålvik	Handverkar
12.	Karen Noer Korssjøen	1984	Aksnes	Formidlar
13.	Sverre Oma Rognehaug	1982	Omastrand	Ufør
14.	Lisa-Marie Rouse	1975	Vikøy	Helsefagarbeidar
15.	Sjur Tarjei Fykse	1972	Øystese	Museumsleiar
16.	Sarifa Moola-Nernæs	1976	Mundheim	Sjølvtendig næringsdrivande

## 13. RAUDT PÅ FYLKET

Hugs at valet i 2023 er også eit fylkestingsval. I fylkestinget arbeider Raudt mellom anna for å:

- ✳ Betre kollektivtilbod og gratis for alle reisande med kollektivtrafikk.
- ✳ Trygge vegar og kollektivløysingar framfor auka kapasitet på vegnettet.
- ✳ Hindre utbygging av vindkraft på land og til havs.



